

Juni 2023

# Samhandlingsnytt

Kjære lesar

Her kjem sommarutgåva av Samhandlingsnytt. Håper de som lesarar kan finne stoff av interesse her og at det er aktuelle arrangement som de kan merke dykk for hausten.

God sommar!

## Erfaringskonferanse somatikk

8. og 9. juni samla erfaringskonferansen nærare 130 fagfolk på Skei rundt tema skrøpelege eldre. Erfaringskonferansen er ein viktig møteplass der fagfolk møter fagfolk og får diskutere praksisnære problemstillingar. På årets konferanse var det mellom anna lagt opp til erfaringsdeling frå kommunane og Helse Førde, faglege innlegg om data rundt pasientgruppa, funksjonsvurdering i den praktiske kvardagen, velferdsteknologi som verktøy, brukarerfaringar sett frå både brukarsida og frå forskar, gruppearbeid og casearbeid. Presentasjonane kan ein finne [her](#).



## Kontakt

### Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

[www.samhandling-sfj.no](http://www.samhandling-sfj.no)

### Kontaktperson

Samhandlingsjef Helse Førde  
[Dagrun Kyrkjebø](#)

## Fast sak

### Møter i Sogn og Fjordane helsefelleskap

*Fagleg samarbeidsutval*

14.september 2023

*Strategisk samarbeidsutval*

5.oktober 2023

### Felles brukarutval

5. oktober 2023

## Siste nytt frå

### Praksiskonsulentane



Praksiskonsulentane i Helse Førde har mange ballar i lufta når det gjeld samhandling – hovudsakleg mellom allmennlegetenesta og sjukehusa. Nettsida til PKO er oppdatert og her finn ein oversikt over aktuelle og viktige saker som blir formidla ut til allmennlegekorpset. Kopi går også til mange sentrale samarbeidspartar i Helse Førde.

Hovudsida gir informasjon om PKO-ordninga, praksiskonsulentane i Helse Førde, og gir tilgang til alle aktuelle lenker inkludert dei som kjem under her.

[Praksiskonsulentordninga \(PKO\) - Helse Førde](#)

[Aktuelle saker – dei nyaste øverst](#)

[PKO-kalender med aktuelle samhandlingskurs for allmennlegar](#)

### Sogn og Fjordane helsefellesskap




Helsefellesskapet var arrangør bak den tidlegare nemnde erfaringskonferansen. I tillegg til dette arbeider avtaleutvalet vidare med revisjon av delavtalane mellom helseføretaket og kommunane. I desse dagar vert reviderte avtalar innan smittevern og partnarane sitt felles ansvar for helse- og omsorgsoppgåver sendt ut til politisk handsaming og signering i alle kommunar.

Alle gjeldande delavtalar ligg tilgjengeleg på nettsida [Samhandling Sogn og Fjordane](#).

## Samhandlingsbarometeret

### Samhandlingsbarometeret – ny indikator «Tidleg død»

Under valet Folkehelse og Helsetilstand har vi publisert ein indikator for tidleg død med fire årsaksgrupper: *hjerte-karsjukdom, kreftsjukdom, KOLS* og *voldsomme dødsfall* (ulykker og sjølv mord) i tillegg til samla dødelegheit (alle).




Data er henta via Dødsårsaksregisteret, og statistikken her er rekna for å ha god kvalitet. Tidleg død (0-74 år), altså under den normalt forventa levealderen, blir tidvis også omtalt som førebyggbare dødsfall. Dette då dei kan ha samanheng med livsstil og levekår, og slik sett kan påverkast gjennom ulike førebyggjande tiltak.

Når ein går ned på kommunenivå blir dei årlege tala låge, og ein brukar difor årleg gjennomsnitt frå siste 10-års-periode, såkalla glidande gjennomsnitt. Dette gjer at vi berre publiserer dei fire store årsaksgruppene. Det hadde vore interessant å vise kjønnskilnadar for tidleg død, men grunna små

tal kan vi ikkje gjere det. Likevel vil det mangle data for ein del små kommunar.

Generelt har tala for tidleg død i Norge gått nedover over tid, som uttrykk for betring av helsetilstanden i befolkninga. Men for KOLS har vi derimot sett ein oppgang, men som kan sjå ut til å flate av (sjå illustrasjonen).

#### Utvikling av dødsårsak



## Arrangement hausten 2023

### Jubileums- og fagseminar 25.august 2023

I 2023 kan Seksjon rus ved Nordfjord psykiatrisenter markere 10 år med døgndrift. I samband med dette inviterer dei samarbeidspartnarar (kommunehelsetenestene i opptaksområdet, NAV Nordfjord, brukarrepresentant, pasientorganisasjonar og interne samarbeidspartar i Helse Førde) til fagdag i kinosalen, Operahuset Nordfjord 25. august kl. 10:00 – 14:00.



For nærare informasjon om program og påmelding, ta kontakt med seksjonsleiar Arild Krogh Nøstdal: [arild.krogh.nostdal@helse-forde.no](mailto:arild.krogh.nostdal@helse-forde.no)

### Fagdag i geriatri 21. september 2023

Medisinsk klinikk, Helse Førde og regionalt senter for eldremedisin og samhandling, SESAM arrangerer fagdag i geriatri i auditoriet på Førde Sentralsjukehus 21. september kl. 8:00 – 15:45.

Tema for dagen: Gode helsetenester til den sårbare pasienten.



Mål: Ha fokus på den eldre pasienten i spesialisthelsetenesta, bygge kompetanse i geriatrifaget og styrke engasjementet for arbeid med eldre.

Målgruppe: Tilsette i Helse Førde er prioritert til fagdagen. Det går ut invitasjon til fastleger i Helse Førde sitt område. Så langt det er plass er tilsette i heimetenester og sjukeheimar i området velkommen. Det vil bli mogleg å følgje fagdagen digitalt. Fagdagen er gratis.

Fagdagen er godkjent teljande med 7 timar til klinisk stige i NSF og Lægeforeningen (allmenmedisin, geriatri og alders- og sjukeheimsmedisin).

For nærare informasjon om program og påmelding, ta kontakt med Greta Gard Endal på eldremedisinsk poliklinikk: [Greta.gard.endal@helse-forde.no](mailto:Greta.gard.endal@helse-forde.no) eller på telefon: 57839322 / 57839329 innan 15.september 2023.

## Kinn kommune og Helsedirektoratet inviterer til erfaringsseminar 18.oktober 2023

*Team som arbeidsform – strukturert tverrfagleg oppfølging av personar som har behov for koordinerte tenester*

Strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam er ei arbeidsform som med utgangspunkt i brukarane sine behov skal bidra til målretta og koordinert innsats, med mål om betre effekt av helse- og velferdstenestene. Kinn kommune har saman med fire andre kommunar deltatt i pilot for strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam over ein periode på snart fem år. Kommunane vil saman med Sintef og Helsedirektoratet dele erfaringar og resultat frå systematisk utviklingsarbeid i kommunane.

Erfaringsseminaret vert arrangert i festsalen i Florø kulturhus 18.oktober 2023 kl. 9:00 – 15:30 og målgruppa er Statsforvaltar, KS, Kinn kommune, nabokommunar, Helse Førde, fastlegar, leiarar, kommunedirektør og kommunalsjefar. For nærare informasjon om program og påmelding, ta kontakt med Trude Gulbranson: [Trude.gulbranson@kinn.kommune.no](mailto:Trude.gulbranson@kinn.kommune.no)

## Møteplassen innan habilitering og rehabilitering 25. oktober 2023

I tråd med [Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator](#) har den Regionale koordinerande eininga oversikt over og naudsynt kontakt med habiliterings- og rehabiliteringstenesta i kommunane (koordinerande einingar) og i spesialisthelsetenesta i helseregion Vest. Dette utgjør eit kontaktnettverk.

Kkontaktnettverket skal vere eit fagleg nettverk og forum for informasjon, erfaringsutveksling og samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta, kalla «Møteplassen».

Hausten 2023 vert Møteplassen arrangert på Thon hotell Jølster. Dette er ei viktig samling for oss som arbeider med samhandling, koordinering og individuell plan.

Program med påmelding blir klart primo september. For nærare informasjon ta kontakt med koordinerande eining i Helse Førde v/Maria Ljunglöf, [maria.katarina.ljunglof@helse-forde.no](mailto:maria.katarina.ljunglof@helse-forde.no)

